

## Grautfest med topp stemning.

13.12.2008



Desse fem har vore på alle øvingane i haust: Frå venstre Eirin R. Kjærland, Lene S. Myklebust, Sondre S. Myklebust, Lars Andres Sæbø og Ingvill E. Myklebust. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Fredag kveld hadde skulemusikken den årlege grautfesten i førjulstida. Denne festen har vore fast på programmet i mange år, og det er ein sikker suksess. Det er alltid god stemning på desse festane. Slik var det også i år.**



God stemning under grautfesten. Frå venstre nærast sit aspirantane Karen P. Brede, Joakim Myklebut og Merete Myklebust. (Foto: Thor

Inge Døssland)

Grautfestkomiteen i år var samansett av Janne Yri, Margunn Kjærland og Kari Anne Y. Halvorsen. I tillegg til musikantane var og aspirantar, dirigent Anders Christensen og styremedlemmene invitert. Festen var etter den gode og tradisjonelle leisten. Først var det servering av graut, julebrus, kaffi, peparkaker og twist. Deretter var det ulike programinnslag. Både bingo og quiz er alltid populært. Vinnarane i førjulslotteriet vart også gjort kjent.

Eit spennande høgdepunkt på festen er alltid utdelinga av premien for beste framsmøte. Med det gode framsmøtet skulemusikken har på øvingane, er dette ein knallhard konkurranse. Så godt som alle musikantane hadde 2 eller mindre øvingar i fråvær. Fem av dei hadde vore på alle øvingar. Det var Ingvill E. Myklebust, Sondre Myklebust, Lars Andres Sæbø, Eirin R. Kjærland og Lene S. Myklebust. Alle desse vart premierte, men hovudpremiere, eit gåvekort på YX-stasjonen, vart trekt ut mellom dei fem. Den heldige vinnaren vart Lars Andres. Det gode øvingsframsmøtet er hovudgrunnlaget for den flotte utviklinga i skulemusikken.

Stemminga var som nemnt svært god på festen, og dei framsmøtte gav stor og velfortent applaus til Spar-butikken vår som hadde sponsa festen med både graut, peparkaker og ein del premiar. Det er skulemusikken svært taknemlege for.

Som nemnt har denne festen lange tradisjonar. Vi meiner at dei første grautfestane i skulemusikken var i Helgheim. Det kunne våre kjekt å vita kor og kva år den første grautfesten i skulemusikken vart arrangert.

Av Thor Inge Døssland



Eirin var den heldige og fann mandelen i grauten. Premien var ein marsipangris. (Foto: Thor Inge Døssland)